



KI-Verkstaden - Ein læringsarena for framtida

Lær om kunstig intelligens

Få ei enkel og forståeleg innføring i kva kunstig intelligens er, og kvifor det vil spele ei avgjerande rolle i framtidas næringsliv.

Praktisk læring

Du lærer ved å gjøre. Bruk enkle KI-verktøy og løys konkrete oppgåver knytt til reelle utfordringar – med støtte frå ein ekspert.

Moglegheitene med KI

Oppdag korleis KI kan automatisere oppgåver, gi betre beslutningar og opne for nye tenester og moglegheiter – tilpassa di bedrift.

Kompetanseheving

Bygg teknologisk forståing i eiga bedrift. Gjør tilsette tryggare i møte med digital utvikling og rusta til å ta strategiske val framover.

Nettverk og samarbeid

Møt andre framtidsretta verksemder. Del erfaringar, bygg relasjonar og skap nye samarbeidsmoglegheiter på tvers av bransjar og fagfelt.

Løys reelle utfordringar

Ta med eit konkret problem frå di verksemd. Vi jobbar saman for å utforske og utvikle KI-løysingar som kan gi reell verdi.

KI-Verkstaden gir små og mellomstore bedrifter tilgang til praktisk kunnskap og konkrete verktøy for å ta i bruk KI. Målet er å styrke lokal verdiskaping, effektivisere prosessar, og skape nye moglegheiter.

Dette er eit pilotprosjekt i samarbeid med omstellingsprogrammet i Sykkylven kommune. Introkurs og workshop er difor gratis, og 70 % av kostnaden for eit skreddarsydd seminar blir dekt

Med KI-Verkstaden får du innsikt, kompetanse og verktøy, alt tilpassa næringslivet i Sykkylven. Her er det vi tilbyr:

Introkurs

Få innsikt i kva KI er og korleis det fungerer

- Lær kva KI er
- Forstå korleis KI påverkar arbeidslivet og samfunnet
- Sjå døme på korleis bedrifter kan bruke KI
- Få oversikt over tilgjengelege verktøy
- Låg terskel – inga teknologisk bakgrunn nødvendig

Varighet: 1 time

Pris: Gratis

Workshop

Lær ved å gjøre – med praktiske verktøy

- Bruk enkle og gratis KI-verktøy i praksis
- Løys oppgåver med relevans for di bedrift
- Få rettleiing frå ein KI-ekspert undervegs
- Oppdag nye moglegheiter
- Ta med konkrete idear og verktøy tilbake til verksemda

Varighet: 2 timer

Pris: Gratis

Seminar

Skreddarsydd KI-løysing - for di bedrift

- Lokale bedrifter melder inn ei reell utfordring
- Deltakarane jobbar saman med KI-ekspert om løysningsforslag
- Vi utforskar konkrete KI-verktøy og framgangsmåtar
- Få ein skreddersydd KI-løysing
- Problemløysing i sanntid

Varighet: 3 timer

Pris: 15 000 kr

Vil du vite meir eller melde deg på?



Endre Grøvik, KI-forskar og verkstadleiar
endre.grovik@gmail.com, +47 975 25 211

Lise Gundersen Haukeberg, prosjektleiar for omstellingsprogrammet
lise.haukeberg@sykkylven.kommune.no, +47 988 82 292